

Den lokale verdsborgaren

Boka om Jacob Nicolai Wilse føyer seg fint inn i seinare tilskot til å forstå norsk opplysningstid.

BIOGRAFI

TORE STUBBERUD:

Jacob Nicolai Wilse. En opplysningsmann

VALDISHOLM FORLAG 2016

«Notida er svanger med framtida», var eit motto topografen Jacob Nicolai Wilse (1735–1801) la vekt på. Han vart med på å etablere og utvikle ein topografisk tradisjon i Noreg, gjennom studiane og reiseskildringane sine frå Østfold. Han har, som biografen peikar på, ikkje fått omtale i verket *Norsk idéhistorie* frå 2002. Like fullt forma Wilse noko av grunnlaget for ein av dei mest karakteristiske tradisjonane for sjølvrefleksjon og identitetsanalyse i Noreg, nemleg heimstadsopplevinga.

Ingen land i verda har visst nok ein så rik lokalhistorisk litteratur som Noreg. Få stader i landet der det har vore busetnad og menneskeleg aktivitet, manglar grundige skildringar. Etter ei tid startar ein på nytt frå nye vinklar. Alle tykkjer det er heilt naturleg

at slik aktivitet får offentleg og privat åtgjum og stønad. Lokalhistoria og -analysen er ei uuttømmeleg, eller kan hende rettare utøymane, kjelde til refleksjon og kunnskapslyst.

LOKALHISTORIE

Wilse er ein av stamfedrane til norske bygde- og byhistorier. Tore Stubberud har spent opp eit storfelt lerret og syner vesentlege sider av grunnlaget for at denne interessa har sett seg så fast her hjå oss, gjennom ei fint utført samanfletting av ei europeisk og nordisk utvikling av gryande vitakpar med dei lokalt orienterte interessene til prest og professor Wilse i Spydeberg.

Saman med venen Hans Strøm (1726–1797) i Eiker og med forgjengarar og mange samtidige bygde Wilse eit opplysningsunivers der nytte, rasjonell tenking, kjensleliv og pietistisk og from tilit til utviklinga hører i hop. Desse trekka vert førde saman til ei ny oppleving av tilhøvet mellom heimstad og verd. Som den samtidige tyske filosofen Friedrich Schleiermacher sa: Det individuelle finst i det ålmenne, det ålmenne lever berre i og med individet.

Ei tilsvarande innstilling er å finne hjå Wilse. Og det gjer at han ser dei store utfordringane som «den vesle istida» (som han sjølv sagt ikkje har omgrep for) og därlege år gjev, samstundes som han ser omfattande nyrydding og trøngen for gjenreising av område som dels har lege ubrukta sidan svartedauden. Dermed skaper han (til liks med Strøm for Sunnmøre) ei av våre første framstillingar av tilhøvet mellom menneskeleg verksemnd og naturgjevne vilkår vi har; norsk økologisk tenking startar her.

DANSK OPPHAV

Kulturforskan i Østfold hadde dansk opphav, frå Lemborg ved Limfjorden. Etter teologisk embetseksamen i 1756 måtte han livnære seg som huslærar i tolv år, inntil han vart sokneprest til Spydeberg i 1768. Same året hadde han teke magistergraden i filosofi. Han døydde som sokneprest til Eidsberg. Biografien gjev ei levande skildring av korleis og

kvifor Wilse var så engasjert i å skjøne omgjevnadene sine.

Eitt var at han var ein av dei rettelege potetprestane – som meir enn å belære og dominere sokneborna sine ville avhjelpe den nauda han såg. Alt tidleg i arbeidet med å skape ei skildring av Spydeberg (som kom i 1779), var han oppteken av spekulasjoner av korleis framtida kunne arte seg – tidleg tenkte han seg ikkje berre universitet, men jamvel eit kvinneuniversitet. Han var nok barn av si tid i synet på sosial lagdeling og kjønn, men nyfikna var så grunnleggjande hjå honom at han berre måtte tenkje seg verda annleis og betre.

Wilse korresponderte med vitakspasselkap i utlandet, som dei viktige i Berlin og Göttingen, og formulerete sjølvstendige prinsipp for kva for prosessar som utgjorde vilkåra for næringsvegar, for det sosiale livet, for klima og vêrlag. Ja, han var faktisk ein pioner i utviklinga av notasjonssystem for meteorologisk analyse, og vart såleis med på starten av ein prosess for vitskapleggjering av vêrobservasjonar.

PIETISME

Stubberud får fram koss arbeidet til Wilse i ikkje liten grad kviler på pietismen. Naturen er for pietisten eit levande vitnemål om Gud, likså vel som Den Heilage Skrifta. Det er ei utviding av førestellinga om at all sanning er av Gud. Born og alle samfunnslag må få tilgang til det som er sant, altså ny kunnskap.

Dermed får vi eit godt innblikk i koss opplysningsstida og opplysningsarbeidet kunne verke i det protestantiske Norden, altså på anna vis enn mellom dei franske ateistane. Wilse ser ikkje kristendomskritikken til Voltaire som så alvorleg, han meiner visst det er langt viktigare at Voltaire hjelper fram rasjonalitten, tenkjeevnene og dei naudsynste kunnskapane. I skildringane av Spydeberg og Eidsberg skin ei totalforståing av livskjenslene gjennom, som ofte går tapt i topografiske framstillingar på 1800-talet av næringsgrunnlag og levekår.

Hjå Wilse er ein kristeleg grunngjeven frigjeringssvilje



Jacob Nicolai Wilse (1735–1801).

med på å drive verket. Sjølv om han kjem i pengenaud på grunn av tap under publisering av verk (såleis ved eit skipsforlis), startar han troystig opp att. Han er ingen «prosjektmakar» eller misjonær. Som granskar er han ein av-dekkjar, ein som legg fram nye grunnlag for tenking, livsoppleving, og han utviklar teoriar og analysar av tilhøvet mellom næringsgrunnlag og kultur.

Reisene i Østfold (utgjeven 1790–98) syner ei glødande oppdagarglede som Stubberud får godt fram, også inntrykket skildringane gjorde i utlandet.

STORFELT VISJON

Overraskande kan Stubberud vise koss Wilse snik seg unna sensuren etter at ein utopisk visjon er blitt supprimert; han fugar den i brigda form inn i landskapsskild-

ringa si. Det er lite kjent at vi i 1801 har ein storfelt visjon av koss Noreg skulle sjå ut to hundre år seinare. Ein anar såleis bakgrunnen for at opplysningsmannen Wilse er driven av ein trøng til å vere med på å gje det komande nye Noreg dei tekstane landet treng for å utvikle seg.

Boka har ein verdfull bibliografi over produksjonen til Wilse, utarbeidd av forskingsbibliotekar Øivind Berg, og takk og lov, eit namneregister. Samstundes gjev forlaget ut nyutgåver av Spydeberg- og Eidsbergskildringane, og reiseskildringane. Her er ein særmerkt inngang til å skjøne meir av grunnlaget for modernitetsutviklinga, ja, sjølv det moderne prosjektet, i Noreg.

Ikkje berre føyer biografien til Stubberud seg fint inn i seinare tilskot til å forstå norsk opplysningstid, men er på eigen grunn og med den særmerkte forteljar-røysta som elegant knyter saman mange trådar, eit storverk i seg sjølv.

Tore Stubberud veiftar slett ikkje med vimplar og flagg for å markere sine mange nye vurderingar og funn. Han er mest for smålåten, om tonen enn er personleg. Alle som er oppteke av opplysningsstida vil likevel sjå at her er det gjort eit omfattande arbeid, og vi får del i mange og overraskende nye innsikter.

**BJØRN KVALSVIK
NICOLAYSEN**

Bjørn Kvalsvik Nicolaysen er professor i lesevitenskap ved Universitetet i Stavanger og fast skribent i Dag og Tid.

Boka er eit storverk i seg sjølv.



Landskapsprospekt av Jacob Nicolai Wilse. Eigar: Nasjonalbiblioteket



Hagen til Jacob Nicolai Wilse på Spydeberg prestegard i Østfold. Koparstikk av Jacob Nicolai Wilse